



Lærdal kommune

Lærdal ungdomsråd

MØTEPROTOKOLL

Møtedato: 24.02.2026

Møtetid: Kl. 16:00 - 18:00

Møtestad: Lærdal rådhus

Saksnr.:

Følgjande medlem møtte	Parti
Eva Olsen Tjønn	
Marie Øye Bratteteig	
Martin Fredheim Tønjum	
Ronja Cirotzki Einemo	
Sebastian Olsen Haugen	
Solveig Rudningen Opdal	
Theodor Njåstad Blaaflat	

Møteleiar:	Ronja Cirotzki Einemo
Frå adm. møtte:	Kommunalsjef Camilla Grøttebø
Dokument utlevert i møtet:	

Underskrift:

Saksliste

Sak nr	Sakstittel	Gradering
PS-001/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS-002/26	Orientering, meldingar og skriv - 24.02.2026	
PS-003/26	Innspel til kommunedelplan for trafikktryggleik	
PS-004/26	Godkjenning av Møteprotokoll	

001/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren si tilråding:

Innkalling og sakliste vert godkjend

24.02.2026 Lærdal ungdomsråd

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

UNG - 001/26 Vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjend

002/26 Orientering, meldingar og skriv - 24.02.2026

Kommunedirektøren si tilråding:

Ungdomsrådet tek orienteringa til vitande.

24.02.2026 Lærdal ungdomsråd

Handsaming i møtet:

Orienteringar

Kunstisbana

Kommunalsjef for teknisk og plan orienterte om status for kunstisbana. Det vart vist til sluttrapporten, som konkluderer med at kunstisbane er mogleg å få til, men at drifta vil vere kostbar.

Ordføraren orienterte om følgjande saker

- **Sjukehuset:** Gav stor honnør til frivillige og alle som har kjempa for sjukehussaka.
- **Økonomi:** Gjekk gjennom årsoppgjeret og den økonomiske situasjonen.
- **Regionalt samarbeid om barnevern og NAV:** Orienterte om pågåande arbeid for å få til eit formalisert samarbeid mellom kommunane i Indre Sogn. Målet er å samle tenester og skape større fagmiljø.
- **Næringslivet:** Informerte om at plastfabrikken er i drift igjen, om utvikling på næringsområdet på Håbakken, samt om gardsoverdragningar og tilflytting.

Samfunnsplanen

Kommunalsjef for samfunn, kultur og næring orienterte kort om status for kommunedelplan for samfunn («samfunnsplanen»). Planen vert lagt ut på høyring no, med høyringsfrist i mai.

Folkebiblioteket

Biblioteksjef presenterte skisser til nytt folkebibliotek og orienterte om vidare prosess. Ho bad særleg om innspel til funksjonar og behov.

Ho informerte også om formidlingsstillinga og prosjektmidlar, og at planen er å vidareføre prosjektperioden og søkje om nye midlar.

Når det gjeld skulebibliotek, understreka ho at dette både kan vere eit rom på skulen eller ei alternativ løysing. Det er også eit spørsmål om bemanning eller sjølvbetent løysing – noko Borgund skal teste ut no.

Innspel frå Ungdomsrådet

Folkebiblioteket

- Kombinere biblioteket med turistinformasjon (for lengre opningstider, også sommarstid)
- Nokre meir lukka soner
- Nye bøker
- Planter og kule lamper
- Opent fredag etter kl. 15 («fredagschill»)
- Brettspel

Skulebiblioteket

- 1–2 sofakrokar
- Spel
- Stolar og puffar
- Bøker
- Peikar på mogelege utfordringar med plass dersom ein nyttar gangsona i tillegg til rommet
- Ungdomsrådet ønskjer å vere involvert vidare: Kva ønskjer elevane? Kva bør bevarast samanlikna med dagens løysing?

UNG - 002/26 Vedtak

Ungdomsrådet tek orienteringa til vitande.

003/26 Innspel til kommunedelplan for trafikktryggleik

Kommunedirektøren si tilråding:

Lærdal ungdomsråd kjem med innspel på kva tiltak som bør prioriterast i arbeidet med trafikktryggleiksplanen.

24.02.2026 Lærdal ungdomsråd

Handsaming i møtet

Innspel frå rådet blir samla og sendt vidare.

Niklas presentera kommunedelplan i korte trekk – ber om innspel

Ungdomsrådet sender høyringsuttale til post@laerdal.kommune.no

UNG - 003/26 Vedtak

Lærdal ungdomsråd kom med innspel på kva tiltak som bør prioriterast i arbeidet med trafikktryggleiksplanen.

004/26 Godkjenning av Møteprotokoll

Kommunedirektøren si tilråding:

Møteprotokoll vert godkjend

24.02.2026 Lærdal ungdomsråd

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

UNG - 004/26 Vedtak

Møteprotokoll vert godkjend